

Planprogram

Kommunedelplan for naturmangfald 2026-2038

Forslag til
planprogram til
politisk vedtak



Innhald

1	Innleiing	3
1.1	Bakgrunn	3
1.2	Forankring	3
1.3	Kva er naturmangfald?.....	4
1.4	Kva er økosystemtenester?.....	4
2	Føringar for planarbeidet	5
2.1	Internasjonale føringar	5
2.2	Nasjonale føringar.....	6
2.3	Regionale føringar.....	7
2.4	Lokale føringar	8
3	Mål og rammer for planarbeidet.....	9
3.1	Hovudmålet med planen	9
3.2	Oppbygging av planen.....	9
3.3	Koordinering mot andre planprosessar	10
4	Tema og innhald i planarbeidet.....	11
4.1	Planavgrensing	11
4.2	Etablere eit godt kunnskapsgrunnlag om natur	12
4.3	Auke kompetansen om forvaltning av natur	13
4.4	Skape eigarskap til naturmangfaldet	13
5	Gjennomføring av planarbeidet	14
5.1	Organisering.....	14
5.2	Medverknad og involvering	14
5.3	Planprosess og framdrift.....	16
5.4	Budsjett	17

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Naturen er livsgrunnlaget vårt og vi har eit ansvar for å ta vare på den. Naturen er viktig både i seg sjølv og gjennom tenester den gir oss, til dømes evna til å regulere effektane av klimaendringar. Ivaretaking av natur er også viktig for menneske sin livskvalitet og sosiale forhold, mellom anna som ein viktig arena for friluftsliv, rekreasjon og som møteplass.

Naturmangfaldet er i dag under sterkt press og FN har konstatert at vi står midt i ei naturkrise. Førekomstane av artar og naturtypar har gått sterkt tilbake dei siste 100 åra. Undersøkingar viser at tal individ i globale dyrebrestandar er redusert med over 70 prosent. I Noreg kjenner ein til litt over 100 utdøydd artar av dyr og plantar, og ein femdel av dei norske artane vi kjenner best til er så fåtalige eller så reduserte i tal at dei står i fare for å døyt ut om ikkje utviklinga blir snudd.

Arealendringar er den viktigaste årsaka til tap, svekking og fragmentering av natur både globalt og nasjonalt. Det er summen av alle lokale avgjersler som fører til nedgang i naturmangfaldet. Den store utfordringa er at vi framleis bygger ned svært mykje natur i heile landet.

Arealet i kommunen er ein av dei grunnleggjande ressursane som skal forvaltast. Areal er ein knapp ressurs, og det er viktig at ivaretaking av natur vert prioritert høgt i arealpolitikken. Endra arealbruk vil ofte påverke artar og naturtypar, men også opptak og utslepp av klimagassar og andre økosystemtenester. Hadde det ikkje vore for den naturlege karbonlagringa og -opptaket i naturen, ville effektane av klimagassutsleppa vore endå meir alvorlege enn dei er i dag.

Formålet med kommunedelplan for naturmangfald er å bidra til kunnskap og bevisstheit om naturen, som grunnlag for interesseavveging. Ein naturmangfaldplan skal også identifisere tiltak for sine naturverdiar, som skal sikre at naturen blir forvalta på ein god måte. Naturmangfaldplanen skal leggjast til grunn for det vidare arbeidet med planvask (evaluering og oppheving av reguleringsplanar) og revisjon av kommuneplanen sin arealdel. Gjennom dette kan kommunen bidra til å stanse tap av naturmangfald.

1.2 Forankring

Utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfald er forankra i [Stad kommune sin utviklingsplan \(kommunal planstrategi\) for 2024-2028](#), som blei vedteke i sak KS-24/120, 12. september 2024. Eit av satsingsområda i Stad kommune sin utviklingsplan for 2024-2028 er å *redusere klimagassutslepp og ta vare på naturen*: Vi skal ta vare på naturen som vårt livsgrunnlag og dermed sikre velfungerande økosystem som også er viktig for å redusere klimagassutsleppa og skape eit klimarobust samfunn.



Figur 1 Utviklingsplan 2024-2028 for Stad kommune (kommunal planstrategi)

I utviklingsplanen er det lagt opp til oppstart av kommunedelplan for naturmangfald i 2025. Arbeidet skal gjennomførast i samheng med kommuneplanen sin arealdel og planvask. Slik vil naturmangfaldplanen fungere som eit kunnskapsgrunnlag til meir grundige interessevurderingar som skal gjerast i kommuneplanens arealdel. Les meir om dette under kapittel 3: Mål og rammer for planarbeidet.


Stad kommune får i 2025 støtte frå Miljødirektoratet si tilskotsordning «Naturesats». Vi er ein av 34 kommunar som får tilskot til eit slikt arbeid i 2025. Les meir om dette i kapittel 5.4: Budsjett.

1.3 Kva er naturmangfald?

Naturmangfald er definert som biologisk mangfald, landskapsmangfald og geologisk mangfald som ikkje i det vesentlege er eit resultat av menneske sin påverknad (jf. naturmangfaldlova § 3).

Biologisk mangfald er mangfaldet av økosystem, artar, og genetisk variasjon innanfor kvar art. **Landskapsmangfald** omfattar dei store trekka i naturen som vi kan sjå med det blotte auget – til dømes kystlandskap eller fjordlandskap og ulike element som pregar desse landskapa (fjell, dalar, skog, innsjøar, isbrear og så vidare). **Geologisk mangfald** er mangfald knytt til bergartar, lausmassar, terrengformer og geologiske prosessar.

Vestland har den mest varierte naturen i Norge, og Stad kommune har med sine 12 mil frå vest til aust ein stor del av denne variasjonen – både på land og i sjø. Stad kommune har mellom anna Noregs vestlegaste fjellplatå, Nord-Europas djupaste innsjø, 11 naturvernområde, samt heile eller delar av 4 verna vassdrag.




Figur 2: Figuren viser kva naturmangfald betyr. Figuren er henta frå Meld. St. 14 (2015-2016). Kjelde illustrasjon: Nyhetsgrafik.

1.4 Kva er økosystemtenester?

Eitt av grunnelementa i det internasjonale naturpanelet (IPBES) sitt rammeverk er at naturen har ein eigenverdi, uavhengig av nytteverdien for oss menneske. Men naturen er også sjølv livsgrunnlaget for oss menneske og har grunnleggande betydning for livskvaliteten vår. Vi omtalar det naturen gir oss menneske som *naturgode* eller *økosystemtenester*.

Økosystemtenester kan delast inn i grunnleggande (støttande) tenester, regulerande tenester, forsynande tenester og kulturelle tenester, sjå figur 3.



Figur 3: Døme på økosystemtenester innan dei fire kategoriane. Illustrasjonen er lånt frå Lørenskog kommune.

2 Føringar for planarbeidet

2.1 Internasjonale føringar

FN sine berekraftsmål

Dersom vi skal ha ei berekraftig utvikling av samfunnet, må FN sine berekraftsmål ligge til grunn for alt arbeid. Dette er også forankra i Stad kommune si samfunnsdel, som slår fast at vekst og utvikling skal skje innanfor naturen sine tolegrensar. I eit naturperspektiv er dei mest relevante berekraftsmåla nr. 6, 13, 14 og 15, men også 3 og 17.



Figur 4: FN sine berekraftsmål framstilt etter berekraftsmodellen til Stockholm Resilience Centre. Kakediagrammet viser at måla knytt til biosfæren (klima, liv på land og i vann) skal bli vekta tyngst om ein skal oppnå eit sosialt berekraftig samfunn og bygge ein berekraftig økonomi. Det visar at berekraftsmåla ikkje har same vekt om ein skal skape eit berekraftig samfunn og dette hierarkiet kan hjelpe i avgjersler med ulike mål- og interessekonflikter.

Naturavtalen

Det globale Kunming-Montreal-rammeverket for naturmangfald (Naturavtalen), er ein internasjonal avtale som handlar om å redde og bevare naturmangfaldet i verda. Naturavtalen har som mål å stanse og reversere tap av natur, og gi oss meir natur, innan 2030. Den ble vedteken på FN sitt naturtoppmøte i Montreal i desember 2022. 196 land har slutta seg til avtalen, der Noreg er eit av dei.¹

Avtalen har fire overordna mål og 23 delmål. Utdrag frå avtalen: «Uten akutt handling, per denne avtalen, vil man se en videre opptrapping i verdens hastighet når det gjelder utryddelse av arter, som allerede er minst titalls til hundrevis av ganger høyere enn den har vært gjennomsnittet i løpet av de siste ti millioner årene».

¹ FNs Naturavtale: <https://fn.no/avtaler/miljoe-og-klima/fns-naturavtale>

Parisavtalen

Den 12. desember 2015 signerte 195 land ein global klimaavtale i Paris, som erstatta Kyotoavtalen, gjeldande frå 2005. Parisavtalen er ein omfattande klimaavtale, som forpliktar partane til å redusere utsleppa sine av klimagassar, og rapportere jamleg på framdrifta. Klimaendringane er også ein sentral trussel for naturmangfaldet. Å redusere utslepp er derfor også eit tiltak for naturmangfaldet. Det overordna målet med avtalen er at den globale oppvarminga bør holdast under to grader og helst avgrensast til 1,5 grader i forhold til 1990-nivået.²

2.2 Nasjonale føringar

Norsk handlingsplan for naturmangfald (Meld. St. 35)

Noregs nye handlingsplan for naturmangfald «Berekraftig bruk og bevaring av natur» blei lagt fram i september 2024. Handlingsplanen viser til den internasjonale Naturavtalen som seier at 30 prosent av verdas areal på land og i havet skal vere langsiktig bevart innan 2030. Regjeringa etablerer i handlingsplanen eit mål om å bevare 30 prosent av Noregs landareal innan 2030. Vidare er det sett mål om redusert nedbygging av særleg viktige naturareal, nye prinsipp for berekraftig arealforvaltning og styrking av kommunane sin kompetanse og kapasitet til å ivareta natur.

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova (nml) skal sikre berekraftig bruk og vern av naturen. Den omfattar all natur, inkludert biologisk, landskapsmessig og geologisk mangfald og økologiske prosessar. Lova gjeld for alle avgjersler som har konsekvensar for naturen, og har prinsipp som skal leggest til grunn for utøving av offentleg mynde. Lova inneheld også forvaltningsmål for naturtypar og økosystem, forvaltningsmål for artar, reglar for framande organismar, og heimel for områdevern og utvalde naturtypar.

Andre sentrale lovverk

- Grunnlova § 112
- Plan- og bygningslova
- Ureiningslova
- Jordlova
- Viltlova
- Skogbrukslova
- Vassressurslova
- Andre nasjonale og lokale forskrifter, til dømes kulturminnelova, laks- og innlandsfiskelov, vassforskrifta og motorferdselslova

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging³

I «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027» legg Regjeringa vekt på at planlegginga skal fremje berekraftig utvikling. Kommunen som samfunnsutviklar, tenesteytar og planstyresmakt er avgjerande for å lykkast med å realisere dette. Regjeringa baserer seg på fem overordna perspektiv i forventingsdokumentet; sosial, økologisk og økonomisk berekraft, samfunnstryggleik og beredskap, og samarbeid for å nå måla. Klima, natur og miljø for framtida er nemnt som eigne tema der Regjeringa framhevar sine prioriteringar og gir konkrete forventingspunkt for korleis aktuelle utfordringar på området kan møtast gjennom samfunns-, areal og økonomiplanlegging.

² <https://unfccc.int/process-and-meetings/the-paris-agreement/the-paris-agreement>

³ [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027 \(regjeringen.no\)](#)

Statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet⁴

Utdrag frå formålet med retningslinjene:

«Formålet med retningslinjene er å sikre en samordnet og bærekraftig bolig-, areal- og transportplanlegging og bidra til mer effektive planprosesser. Regional og kommunal planlegging er viktige virkemidler for å følge opp bærekraftsmålene og Norges nasjonale og internasjonale forpliktelser på natur-, klima- og miljøområdet. Planleggingen skal bidra til å utvikle bærekraftige byer og lokalsamfunn, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremme helse, miljø og livskvalitet. Planleggingen skal samtidig bidra til reduserte klimagassutslipp, et klimatilpasset samfunn og ivaretagelse av kulturmiljø og naturmangfold, samt redusere tapet av dyrket mark, natur-, villrein- og friluftsområder og karbonrike arealer. Planleggingen skal også sikre at det innenfor det samiske reinbeiteområdet tas hensyn til reindriftens bruk av arealene.»

Statlege planretningslinjer for klima og energi⁵

Retningslinjene skal, saman med SPR for arealbruk og mobilitet (over), sikre at kommunane arbeider systematisk med klimautfordringar og bærekraftig arealbruk. Eit av formåla med retningslinjene er å bidra til at livsgrunlaget og naturmangfaldet vert sikra for dagens og for framtidige generasjonar.

2.3 Regionale føringar

Regional plan for klima 2022-2035

Regional plan for klima 2022 gir grunnlag for klimaomstillinga av Vestland fylke. Planen handlar både om korleis vi kan redusera utslepp av klimagassar, og korleis vi kan tilpassa oss til klimaendringane. I tillegg er det eit særleg fokus på naturmangfald, og korleis me kan styrka integrering av naturmangfald i klimaarbeidet. Eit av fem prioriterte tema i planen er å sikre naturmangfaldet.

Regional plan for klima inneheld «retningslinjer for planlegging i Vestland»⁶ som seier noko om kva som er venta av regional og kommunal planlegging i Vestland for å sikre oppfølging av måla i klimaplanen.

Vestland fylkeskommune sin utviklingsplan 2024-2028⁷

I kunnskapsgrunlaget til Vestland fylkeskommune sin utviklingsplan er naturmangfald og areal definert som eit utfordringsområde med følgjande undertema:

- Natur og areal er knappe ressursar
- Kunnskap om naturtilstand og areal
- Komplekse og fleire arealkonfliktar

Vidare er klima og natur definert som satsingsområde, med mål om at «i Vestland er klima og naturmangfald ein premis for samfunnsutviklinga.» Utviklingsplanen legg opp til styrka kunnskap om samanhengane mellom samfunnsutfordringar og planen prøver å sjå utfordringane på tvers av fagområda.

Vassforvaltningsplanen for Vestland vassregion 2022-2027

Den regionale vassforvaltningsplanen bygger på vassdirektivet til EU og vassforskrifta, og set miljømål for alle vassførekomstar (elvar, innsjøar, kystvatn og grunnvatn). Miljømåla skal sikre heilskapleg vern

⁴ FOR-2024-12-20-3512, henta frå lovdata.no

⁵ FOR-2024-12-20-3359, henta frå lovdata.no

⁶ [Oppfølging av klimaplanen: Retningslinjer for planlegging i Vestland - Vestland fylkeskommune](#)

⁷ <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/foto/plan/utviklingsplanen/upvl-2024-2028-regional-planstrategi.pdf>

og berekraftig bruk av vatnet, og kommunane skal legge desse til grunn for si planlegging og verksemd. Planen viser miljøtilstand og naudsynte tiltak for å betre tilstanden og nå miljømåla.

Andre relevante regionale føringar:

«Regional plan for kultur», «Plaststrategi - ein plastfri natur og eit plastfritt hav i Vestland» og «Regional plan for innovasjon og næringsutvikling».

2.4 Lokale føringar

Kommuneplanens samfunnsdel 2020-2032

I samfunnsdelen trekker kommunen opp dei lange linjene for korleis kommunen ønskjer å utvikle seg. Dei overordna arealstrategiane i samfunnsdelen utgjer koplinga mellom kommunen sin samfunnsdel og kommuneplanen sin arealdel, og fastset hovudprinsippa for Stad kommune sin langsiktige arealbruk, arealforvaltning og stadutvikling.

Arealdelar til kommuneplanen

- [Kommuneplanen for tidlegare Eid](#)
- [Kommuneplanen for tidlegare Selje](#)
- [Kommuneplanen for Bryggja krins](#)
- [Kommunedelplan for sjøareal](#)
- Kommunedelplan for differensiert forvaltning av Hornindalsvassdraget

Temaplan for klima (ikkje vedteken)

Temaplan for klima gir retning for klimapolitikken i Stad kommune og korleis vi ønskjer å utvikle kommunen som samfunn og organisasjon mot ei klima- og naturvenleg framtid og førebu oss på eit klima i endring. Arealbruk og naturmangfald er eit av tre satsingsområde i klimaplanen. Det overordna målet for dette satsingsområde er at «Arealbruken i kommunen bidreg til å hindre tap av naturmangfald, redusere klimarisiko og auke opptaket av klimagassar».

Temaplanar for vassforsyning, avløp og overvatn 2023-2034

Det er utarbeidd tre separate temaplanar for fagområda vassforsyning, avløp og overvatn (VAO):

- Temaplan avløp
- Temaplan overvatn
- Temaplan vassforsyning

Kommunedelplan for fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett 2024-2035

Planen er eit overordna, operativt dokument som skal gi retning i arbeidet med fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett. I tillegg til denne er det også utarbeida ein «Plan for friluftslivet sine ferdselsårer».

Temaplan for kultur 2023-2035

Temaplan for kultur 2023-2035 omfattar også kulturarvplanane for gamle Eid og Selje kommune:

- Kommunedelplan for kulturarv i Eid kommune
- Kommunedelplan for kulturarv i Selje kommune

3 Mål og rammer for planarbeidet

3.1 Hovudmålet med planen

Formålet med kommunedelplan for naturmangfald er å bidra til kunnskap og bevisstheit om naturen, som grunnlag for interesseavveging.

Ein naturmangfaldplan er ein langsiktig plan for naturmangfaldet i Stad kommune og ein direkte oppfølging av samfunnsdelen. Stad kommune held på med å revidere sin samfunnsdel, og endelege mål og satsingsområde i revidert samfunnsdel vil vere førande for hovudmålet i naturmangfaldplanen.

I Stad kommune si utviklingsplan, er det å «Redusere klimagassutslepp og ta vare på naturen» løfta fram som eit av fleire satsingsområde⁸. Dette vil takast vidare ved revisjon av samfunnsdelen.

Naturmangfaldplanen sitt hovudmål (vil bli revidert i tråd med samfunnsdelen):

«Stad kommune deltek i arbeidet med å nå vedtekne klimamål og arbeider for at vekst og utvikling skjer innanfor naturen sine tolegrensar.»⁹

Forslag til innsatsområde i naturmangfaldplanen (vert nærare skildra i delkapitel 4.2 – 4.4):

- Etablere eit godt kunnskapsgrunnlag om natur
- Auke kompetansen om forvaltning av natur
- Skape eigarskap til naturmangfaldet

3.2 Oppbygging av planen

Kommunedelplanen for naturmangfald vert utarbeidd som ein tematisk kommunedelplan etter plan- og bygningslova §§ 11-12 til 11-15. I samsvar med plan- og bygningslova § 4-1 vert det lagt fram planprogram som skal gjere greie for det vidare planarbeidet og planprosessen. Planprogrammet er altså ikkje sjølv plandokumentet, men ein plan for arbeidet.

I Stad kommune vert fagspesifikke og tematiske kommunedelplanar normalt kalla temaplanar. Kommunedelplan for naturmangfald blir derfor sortert under temaplanar, men følgjer plan- og bygningslova sine prosesskrav. Planen er langsiktig (12 år) og bør reviderast kvart fjerde år. Naturmangfaldplanen tek utgangspunkt i relevante satsingsområde og hovudmål frå kommuneplanen sin samfunnsdel.

I naturmangfaldplanen blir hovudmålet frå samfunnsdelen vidare konkretisert gjennom innsatsområde (med delmål) og strategiar i sjølv planen. Det skal utarbeidast ein eigen handlingsdel med tiltak og investeringar, og ein kunnskapsdel. Det blir viktig at konkrete tiltak følgast opp gjennom økonomiplanen og det årlege budsjettet. Det må komme tydeleg fram kva for tiltak som skal ha høgast prioritet. Det skal også utarbeidast eit eller fleire temakart med lokalt viktig natur som ein del av planen. Det kan her bli aktuelt med fleire ulike type tema, som kart over grøn- og

⁸ Utviklingsplan for Stad kommune 2024-2028 (Kommunal planstrategi)

⁹ Henta frå Stad kommune sitt overordna styringssystem (Framsikt)

blåstruktur og andre landskapsøkologiske element, framande artar, område aktuelle for restaurering og karbonrik natur.

3.3 Koordinering mot andre planprosessar

Temaplan for klima (ikkje vedteken)

Naturmangfald er eit av innsatsområda i klimaplanen til Stad kommune. I klimaplanen er naturmangfald handsama i tilknytning til klimagassutslepp, klimaendringar og klimatilpassing. Nærare omtale av klimaplanen ligg under kap. 2.7 Lokale føringar.

Kommuneplanen sin samfunnsdel

Kommuneplanen sin samfunnsdel er under revisjon. Her vil det verte eit auka fokus på arealbruk og naturmangfald gjennom revisjon av arealstrategiane. Etter vedtak av revidert samfunnsdel vil måla i naturmangfaldplanen bli kopla til mål og strategiar i den reviderte samfunnsdelen.

Kommuneplanen sin arealdel (KPA) og planvask

Kommunedelplan for naturmangfald vil vere eit viktig kunnskapsgrunnlag til meir grundige interessevurderingar som skal gjerast ved revisjon av kommuneplanens arealdel (KPA). Temakart med lokalt viktig natur som vert utarbeidd i kommunedelplan for naturmangfald skal takast direkte inn i KPA – til dømes som omsynssone for grønstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø. Det er derfor nyttig at arbeidet med naturmangfaldsplanen ligg litt i forkant av arbeidet med KPA.

Parallelt med KPA vil det bli gjennomført *planvask* – det vil seie ein gjennomgang og eventuell endring eller oppheving av gamle reguleringsplanar og avsette utbyggingsområde i kommuneplanens arealdel. Dette dannar grunnlag for revisjonen. Både i planvask og konsekvensutgreiing til ny KPA vil omsyna som vert vektlagt i naturmangfaldplanen vektast opp mot andre omsyn og målsettingar.

Arealrekneskap og naturrekneskap

Vestland fylkeskommune har utarbeida [arealrekneskap for kommunane i Vestland](#), som skal nyttast som kunnskapsgrunnlag til utarbeiding av samfunnsdel og arealdel av kommuneplanen. I tillegg deltek Stad kommune i eit forskingsprosjekt i regi av KS (Kommunesektoren sin Organisasjon) som handlar om «Areal- og naturrekneskap i kommunal planlegging»¹⁰. Desse prosessane og verktøya er viktige kunnskapsgrunnlag også for kommunedelplan for naturmangfald.

Areal- og naturrekneskap kan nyttast i kommunal planlegging for å få oversikt over korleis menneskeleg aktivitet påverkar og endrar areala. Arealrekneskap er i korte trekk ei oversikt over areala våre, og omgrepet femner om både arealrekneskap, arealstatistikk og arealbudsjet (planlagd arealbruk).

Ifølgje Miljødirektoratet¹¹ skal ein naturrekneskap hjelpe oss å få oversikt over naturen vår, kva tilstand den er i, kva tenester vi får frå naturen, og korleis dette utviklar seg over tid. Ein naturrekneskap vil dermed fungere som eit kunnskapsgrunnlag for natur. Kommunen legg ikkje opp til å utarbeide ein naturrekneskap i arbeidet med naturmangfaldplanen. Når ein naturrekneskap er på plass på nasjonalt nivå eller som eit resultat av KS-prosjektet, ønskjer kommunen å nytte dette. Det er usikkert når ein naturrekneskap for kommunen er klart til bruk.

¹⁰ [Breitt samarbeid for å utvikle areal- og naturrekneskap](#) (KS)

¹¹ [Naturregnskap - miljodirektoratet.no](http://naturregnskap-miljodirektoratet.no)

4 Tema og innhald i planarbeidet


4.1 Planavgrensing

Stad er ein langstrakt kommune med mykje natur og stor variasjon frå ytre kystlandskap til indre fjordstrøk. Landareala i ytre delar av kommunen er i stor grad prega av open fastmark og større parti med kystlynghei og terrengdekkande myr. Indre delar er i større grad prega av mellom anna skog, fjellområde og seterlandskap. I heile kommunen er vatn ein viktig del av landskapet, både som ferskvatn og kystvatn i fjord og langs kyst. Naturmangfaldet knytt til vatn er såleis også svært variert.

Dette blir Stad kommune sin fyrste kommunedelplan for naturmangfald. Det er viktig å planlegge korleis planen skal avgrensast, slik at arbeidet blir gjennomført på ein god måte med dei ressursane som er tilgjengeleg. Ei generell tilråding frå andre kommunar som har utarbeidd tilsvarande plan er at ein bør vere nøkterne i første plan og ikkje prøve å nå over alt. Planen kan supplerast ved seinare rulling.

Planen vil omfatte heile Stad kommune, både landareal, sjøareal og vassdrag. Sidan planen skal omfatte alt, blir det viktig at planen ikkje blir for detaljert, men at dei store linjene kjem fram. Koplinga til kommuneplanens arealdel (KPA) blir viktig slik at naturmangfaldplanen kan nyttast direkte inn i KPA-arbeidet.

Det blir viktig å sikre ein heilskapleg forvaltning av naturen i kommunen. Dette gjeld særskilt Stadhalvøya som har store samanhengande naturområde og kulturlandskap av nasjonal verdi. Tiltaka må i stor grad konkretisere korleis dette skal gjerast.



Figur 5 Kartlagde naturområde og verneområde i Stad kommune per mai 2025. Kjelder: Miljødirektoratet (Økologisk grunnkart)

Delkapitel 4.2 til 4.4 utdypar dei tre føreslegne innsatsområda i planen.

4.2 Etablere eit godt kunnskapsgrunnlag om natur

Naturmangfaldplanen skal vere eit kunnskapsgrunnlag for kommunen: både for administrasjonen i samband med utredningar og forvaltning, for politikarane, men også for innbyggjarane i kommunen. Å samle eksisterande kunnskap og samle inn ny kunnskap om natur i kommunen er avgjerande for å ha eit godt kunnskapsgrunnlag om natur, og vil vere ein viktig del av planarbeidet. Det vil vere særskilt viktig å fokusere på natur som kan ha verdi lokalt, sjølv om de ikkje fyller kriteria for nasjonal eller regional interesse. Vi vil fokusere på:

- Konkrete utfordringar: Dei største trugslane for naturmangfaldet er endringar i areal, hausting, klimaendringar, forureining og framande artar. I Noreg er arealendringar den klart største trugselen for biologisk mangfald. Planen skal derfor seie noko om kva for utfordringar som er aktuelle i vår kommune, og korleis dette følgast opp med tiltak i handlingsdelen. Som eit døme vil det vere aktuelt å lage ein oversikt over utbreiinga av framande artar og følgje dette opp i handlingsdelen med fokus på førebyggjande tiltak.
- Få oversikt over kartfesta og kjende naturverdiar i kommunen:
 - o Eksisterande rapporter om naturmangfaldet i kommunen
 - o Utvalde naturtypar: Dette er naturtypar som enten er trua i Norge, er viktig for ein eller fleire prioriterte artar, er trua internasjonalt, eller har en vesentleg del av sin naturlege utbreiing i Norge. Av utvalde naturtyper i kommunen finn vi slåttemark, kystlynghei, hole eiker og olivinskog.
 - o Artar og naturtypar av nasjonal forvaltningsinteresse: Dette kan vere truga artar, truga naturtypar og freda artar.
 - o Andre naturtypelokaliteter og artar som er kartlagt
 - o Område som er verna, som naturvernområde og vassdrag
 - o Vassførekomst som ikkje tilfredsstillar miljømåla i vassforskrifta
 - o Seterlandskapet i indre del av kommunen (naturbeitemark, slåttemark)
 - o Viktige naturverdiar innanfor UKL (utvalde kulturlandskap)- og KULA (Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse)-områda på Stadlandet og Selja.
- Kartfeste natur av lokal verdi som ikkje er kartlagt frå før. Dette er natur i kommunen som ikkje er kartlagt, men som det likevel er viktig at vi tar vare på for framtida og tar omsyn til i arealplanlegginga. Dette kan vere kjente funksjonsområde for artar, til dømes rasteområde for fugl eller forflyttingskorridorar for hjortevilt, viktig grønstruktur, kantsoner og restområder i jordbrukslandskapet og samanhengande naturområde utan inngrep eller myrområde. Slike landskapsøkologiske element kan vere «limet» mellom viktige naturområde og er viktige for å sikre den heilskaplege forvaltninga av naturmangfaldet. Kartlegginga skal nyttast direkte inn i KPA-arbeidet. Viktige friluftsområde er allereie kartlagt og inngår ikkje i dette planarbeidet.
- Forvaltningsprioriterte artar i kommunen: Dette er artar som vi meiner har ein stor verdi lokalt, og som vi ønskjer å ha eit ekstra fokus på for å sikre at dei blir forvalta på ein god måte. Døme på slike artar kan vere elvemusling, laks, aure, ål, hjort, alm, purpurmarihand, krykkje, kvit skogfrue, svartstrupe og flikmelde.
- Forvaltningsprioriterte naturtypar i kommunen: Dette er naturtypar som har ein stor verdi, og som vi ønskjer å ha eit ekstra fokus på for å sikre at dei blir forvalta på ein god måte. Døme på slik natur er ålegraseng, tareskog, korallrev/kaldivasskorallar, blautbotnsområde, edellauvskog, olivinskog, naturbeitemark, terrengdekkande myr/andre myrer og sanddynemark.

- Identifisere område med behov for skjøtsel og restaurering: Dette kan til dømes vere gamle slåttemarkar som ikkje lenger skjøttast, myrar som er drenerte eller naturområde der sitkagran har tatt over og fortrengt stadeigne artar.
- Identifisere pressområde i kommunen: Område som er ekstra utsett for utbyggingspress både på land og i vatn vil få auka fokus i planen for å ta vare på naturmangfaldet i disse områda. Å vurdere behovet for naturkartleggingar i desse områda vil vere viktig, og må følgast opp med eigne tiltak i handlingsdelen. Døme på pressområde: Nordfjordeid sentrum, Selje sentrum, Bryggja og Harpefossen.
- Identifisere og kartfeste økosystem og karbonrike areal med funksjon for klimatilpassing og opptak av CO2: Dersom vi skal unngå utbygging av karbonrike areal som myr, våtmark og skog, jamfør klimaplanen, er vi avhengig av at slike område er identifisert og tilstrekkeleg kartlagt. Dette inneber også å identifisere natur i kommunen med særleg bidrag til klimatilpassing.

4.3 Auke kompetansen om forvaltning av natur

I tillegg til å vere eit kunnskapsgrunnlag skal planen også fungere som eit styringsverktøy for kommunen sitt arbeid med ivaretaking og betring av tilstand for naturmangfald. For å få dette til, treng vi strategiar for forvaltning av naturmangfaldet og konkrete tiltak i handlingsdelen. Vi må også vurdere behovet for vidare kartlegging. Vi vil fokusere på å:

- Tydeleggjere ansvarsforholdet mellom forvaltningsnivåa: Dette er viktig for å synleggjere kommunen sitt handlingsrom og korleis kommunen kan samarbeide med både Statsforvaltaren og fylkeskommunen. Regionale mynde har forvaltningsansvar for verneområda våre og enkelte fagområde, artar og naturtypar.
- Sikre tilstrekkeleg oppfølging av naturmangfaldlova og vassforskrifta i kommunal sakshandsaming og i politiske vedtak som påverkar natur og vassmiljø.
- Sikre større naturområde utan tilrettelegging og nærmiljø med naturvenleg tilrettelegging: Vi har eit auka trykk på naturområde våre, og vi må derfor tenkje langsiktig på korleis vi ønskjer å forvalte område som i dag er meir eller mindre urørt. Det er samstundes viktig med attraktive og tilgjengeleg friluftsansvar og lågterskelanlegg som turløyper og naturmøteplassar nær der folk bur. Dette er i stor grad kartlagt gjennom den kommunale friluftskartlegginga, og vi vil gjennom naturmangfaldplanen sikre koplinga til kommuneplanens arealdel og vidare arealforvaltning. Desse to typane friluftsområde er også løfta fram i kommunedelplan for fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett.
- Sikre at natur av lokal, regional og nasjonal verdi blir tatt omsyn til i vidare arealplanlegging og prosessar knytt til kommuneplanens arealdel. Dette inkluderer også forvaltningsprioriterte artar og naturtypar. Dette blir kartlagt i kunnskapsgrunnlaget.
- Sikre oppfølging av prinsipp om arealnøytralitet, areal- og naturrekneskap gjennom konkrete tiltak. Mykje av grunnlaget her er lagt i temaplan for klima og følgast opp vidare i revidering av samfunnsdelen med arealstrategiar. Vi vil gjennom naturmangfaldplanen auke kunnskapen om viktig natur til kommuneplanens arealdel og vidare arealforvaltning.

4.4 Skape eigarskap til naturmangfaldet

Ein viktig del av planarbeidet vil også vere å skape engasjement for og eigarskap til naturen i kommunen. Dette gjer vi gjennom:

- Formidling av naturverdiane vi har er viktig for å skape eigarskap til naturmangfaldet. Dette gjeld både ut mot innbyggjarane, mot politikarane og internt i organisasjonen. God visualisering i kart, tydelege strategiar og tiltak og kunnskapsdeling vil vere viktig. Forvaltningsprioriterte artar og naturtypar blir viktige å formidle.
- Medverknad undervegs i planarbeidet er avgjerande for å få eit godt resultat og hente inn relevant kunnskap. Korleis medverknad skal gjennomførast er nærmare skildra under kapittel 5.2 om Medverknad og involvering.
- Økosystemtenester: Vi omtalar det naturen gir oss menneske som «naturgode» eller «økosystemtenester». Sjå meir om dette på side 4. Vi tenkjer dette er eit nyttig omgrep opp mot både politikare og innbyggjarane for å synleggjere og konkretisere verdiane naturen gir oss i tillegg til naturen sin eigenverdi. Dette vil derfor vere eit viktig element i naturmangfaldplanen når vi tek for oss dei ulike naturverdiane.
- Arealrekneskap: Arealrekneskap og naturrekneskap er også viktige verktøy for å synleggjere koplinga mellom natur og arealbruksendringar, og kan skape auka eigarskap og forståing av korleis arealbruksendringar påverkar naturen og karbonopptaket.

5 Gjennomføring av planarbeidet

5.1 Organisering

- Prosjekteigar: Stad kommunestyre
- Prosjektansvarleg: Kommunalsjef Kultur og samfunn
- Styringsgruppe: Administrativ leiargruppe
- Prosjektleiar og utarbeiding av planen: Miljøvernrådsgjevar v/plan og forvaltning
- Prosjektgruppe: Det er nedsett ei administrativ prosjektgruppe med kompetanse innan natur og miljø, arealplan og landbruk.

5.2 Medverknad og involvering

Medverknad og involvering er viktig for lokaldemokratiet og for å få gode og relevante planar. Aktiv deltaking bidreg til kunnskapsdeling- og formidling og vil i tillegg gi innbyggjarane eigarskap til naturen i kommunen.

Ekstern referansegruppe

I tillegg til den interne organiseringa vert det sett opp ei ekstern referansegruppe, slik at offentlege faginstansar, interesse- og fagorganisasjonar og lokale nøkkelpersonar kan involverast tidleg i planarbeidet. Dette vil òg vere viktig for å hente inn lokal kunnskap om naturmangfaldet i kommunen. Kommunikasjon med referansegruppa kan gjerast gjennom arbeidsverkstad/temamøte, eller opne møte der desse vert spesielt invitert. Statsforvaltaren og fylkeskommunen vert kopla på gjennom digitale møte.

Forslag til ekstern referansegruppe:

- Statsforvaltaren i Vestland
- Vestland fylkeskommune
- Naturvernforbundet i Eid
- Lokale nøkkelpersonar
- Fjordane friluftsråd
- Ein representant for bonde-, småbrukar-, og skogeigarlaga

Vi ynskjer innspel til lokale nøkkelpersonar som kan ha relevante bidrag til planen.

Opplegg for medverknad og kommunikasjon

- Kunngjering av oppstart og offentlig høyring av planprogram
- Formidling til lokalaviser og på heimesida om planen, planprosessen og korleis ein kan kome med innspel.
- Jamlege kontaktpunkt med politikarane – gjennomføre arbeidsverkstad i samband med arbeidet med samfunnsdelen og arealdelen
- Nytte digitale kartverktøy (kommunekart – stad innbyggjar) for innspel slik at folk kan melde inn informasjon og innspel om natur. Det må i tillegg leggast opp til at folk kan komme med innspel på fysiske kart.
- Opne informasjonsmøte og/eller opne kontordagar

Interessentar i planarbeidet


Interessentanalysen på neste side viser andre som vil ha interesse av planarbeidet. Desse vert fortrinnsvis kopla på gjennom høyringa av plandokumenta, som høyringspartar. Dei folkevalde vert kopla på gjennom politisk handsaming i råd og utval, men òg gjennom politiske verkstadar i samanheng med kommuneplanprosessen. I tillegg vil skular og barnehagar i Stad bli oppmoda til å lage eigne opplegg for medverknad og undervisning som er tilpassa planen/ressursar og nærmiljøet ved den enkelte eininga. **Kom med innspel dersom det er interessentar som manglar i oversikta.**

Interessentgruppe	Bidrag/interesse	Kven?
Innbyggjarar i Stad kommune, særleg barn og unge	Kunnskap, innspel og medverknad i planarbeidet. Vert kopla på gjennom politiske prosessar og handsaming.	<ul style="list-style-type: none"> - Stad formannskap - Planutvalet - Samfunnsutvalet - Ungdomsrådet - Eldrerådet - Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Statlege og regionale sektormynde	Kunnskap, mynde og koordineringsansvar knytt til naturmangfald, landbruk, ureining, vassforvaltning, kulturlandskap m.fl.	<ul style="list-style-type: none"> - Statsforvaltaren i Vestland - Vestland fylkeskommune - Statens vegvesen - Mattilsynet - Fiskeridirektoratet - Kystverket - Norges vassdrags- og energidirektorat - Riksantikvaren
Lokale organisasjonar	Organisasjonar med interesseområde innafor biologi, friluftsliv, lokal samfunnsutvikling, landbruk og næringsliv er viktige høyringspartar som kan kome med innspel og viktige opplysningar i planarbeidet.	<ul style="list-style-type: none"> - Naturvernforbundet i Eid - Den Norske Turistforening – Midtre Nordfjord Turlag og Ytre Nordfjord Turlag - Stad Landskap - Bondelag og småbrukarlag - Beite- og sankelag - Skog- og elveeigarlag - Nordfjord fiskarlag - Norsk jeger- og fiskeforbund, lokallag - Stad hjorteutval - Eid dykkerklubb
Regionale kunnskapsmiljø og organisasjonar	Regionale kunnskapsmiljø som kan ha viktige innspel og kunnskap om naturmangfaldet i Stad kommune.	<ul style="list-style-type: none"> - Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane - BirdLife Sogn og Fjordane - Fjordane friluftsråd - Forum for natur og friluftsliv (FNF) Sogn og Fjordane

		<ul style="list-style-type: none"> - Sogn og Fjordane småfiskerlag - Norsk jeger- og fiskeforbund Sogn og Fjordane - Vestland Natur og ungdom - Høgskulen på Vestlandet v/Institutt for bygg-, miljø- og naturvitskap - Lyngheiseret - Kystskogbruket/Vestland Skognettverk - NIBIO Fureneset - Vestland Botaniske Forening
Nabokommunane	Felles naturområde på land og i sjø krev eventuell koordinering om tiltak.	<ul style="list-style-type: none"> - Stryn kommune - Gloppen kommune - Volda kommune - Kinn kommune - Vanylven kommune - Bremanger kommune

5.3 Planprosess og framdrift

Figuren under gir ei overordna oversikt over stega i planprosessen.



Framdrifta i planarbeidet er sett opp i samsvar med Natursats-midlane, slik at planen kan bli vedteken hausten 2026. Frist for rapportering på midlane er våren 2027. Førebels framdriftsplan er vist under.

Hovudaktivitetar	2025				2026		
	Q1	Q2	Q3	Q4	Q1	Q2	Q3
Utarbeide prosjektmandat og prosjektplan	Jan/Feb						
Utarbeide planprogram		April-mai					
Oppstart og planprogram i formannskapet		Juni					
Planprogram på høyring		Juni	August				
Fastsetting planprogram i formannskapet			Oktober				
Utarbeide planforslag - kunnskapsdel		Mai		Desember			
Utarbeide planforslag - handlingsdel				Oktober	Mars		
Handsaming planforslag i formannskapet						April-mai	
Offentleg høyring av planforslag						Mai	August
Vedtak av planen i kommunestyret							Sept

Høyringsfrist for planprogrammet vert sett til 31. august 2025. Fastsetting av planprogrammet vil då kunne skje i formannskapsmøte den 16. oktober 2025. I løpet av august-september 2025 kan det vere aktuelt med opne kontordagar og/eller arbeidsverkstadar, men er ikkje sett opp på noverande tidspunkt.

Oppdatering av kunnskapsgrunnlaget om natur: I følgje kommunen sitt plansystem, så skal tematiske planar oppdaterast kvart 4. år. Det leggst derfor opp til ein revisjon planen og kunnskapsgrunnlaget om naturmangfald kvart 4. år. Uavhengig av dette vil nye artskartleggingar og naturtypekartleggingar jamnleg oppdaterast i offentlege databasar som Naturbase.

5.4 Budsjett

Vi får 400 000 kr i tilskot frå Miljødirektoratet. Midlane må brukast til utarbeiding av planen. Innanfor denne ramma kan midlane nyttast fritt. Det vil vere kostnader knytt til arbeidstimar for prosjektleiar og deltakarar i prosjektgruppa, oppstartssamling hos Miljødirektoratet, synfaringar, framstilling av kart, dokument, møte og informasjonsverksemd. Dersom det viser seg naudsynt med omsyn til kapasitet eller framdrift, kan det vere aktuelt å setje ut deler av planarbeidet til eksterne, innanfor ramma av tilskotsmidlane.